



Også administrasjonen i kommunen er samd i at Uskedalen Oppvekstsenter bør opprustast. Men om det kan skje i 2007, er svært uvisst. (Foto: Ola Matti Mathisen).

**Verksemdsleiar (rektor) Vidar Haugland vonar at ei sterkt etterlengta opprusting av Uskedalen Oppvekstsenter skal kunne skje i 2007. Han viser her til signalar han tidlegare har fått frå kommunalt hald. Dei går ut på at Uskedalen kjem som nummer to neste år, etter Sunde. Men fagkoordinator for kommunale bygg Bjørn Våge tør ikkje gå så langt i sine lovnader.**

- Eg er sjølvstamt samd med alle dei som held fram at no er det på høg tid å fullføra opprustinga av skulen i Uskedalen. Det er slett ikkje heldig at vi skal gå vidare med "lappverk" der. Hvis eg vart spurd av dei som løyver pengane ville eg utan tvil sagt at nå er det Uskedalen sin tur. Anlegget må prioriterast på topp, men at det blir mogleg å gjennomføra arbeidet neste år kan eg ikkje lova, seier Våge til uskedalen.no.

- Er det rett at Sunde kjem fyrst, og så Uskedalen?

- Ja, Sunde har og sine problem, men her kjem jo dette med skulestrukturen inn i biletet. Eg viser her til medieoppslag i den seinare tid. Det er mogleg strukturvurderinga slår negativt ut for Sunde.

Men la meg presisera at ikkje noko er vedteke, korkje om Sunde eller Uskedalen.

Framfor alt avheng dette av budsjetthandsaminga som no er like rundt hjørnet og som vil avgjera kor mykje frie midlar vi får til disposisjon til opprusting av skulane. Og det neste spørsmålet er så korleis prioritetslista blir sjåande ut når den er "klubba". Svarar Våge.

Kva er det så som gjer situasjonen så prekær ved Uskedalen Oppvekstsenter?

Den 40 år gamle skulen har aldri vore nokon byggeteknisk suksess.

Då Aktivitetshuset vart bygt og dei måtte rive ein vegg for å knytte det saman med skulen, kom store svakheiter for dagen. Gjennomtrekken er eit kjent fenomen: Når det bles frå sydaust, er det ikkje triveleg i klasseromma! Her må det skiftas ut både vindauga, golv og dører. Apropos golv: Eit stort problem er at flisane flassar av. Situasjonen krev ei heil utskifting av desse.

- Det er naudsynt å investera fem-seks millionar kroner . Eg reknar mellom anna med at vi må få eit heilt nytt ventilasjonsanlegg, seier Vidar Haugland til uskedalen.no.

Han er og mellom anna oppteke av å få til ei betre skilting av oppvekstsenteret, både utvending og innvendig. To lærarar er no "sett på" den saka.

Alle rom vil no få sine namn, etter fjell og fjellformasjonar i Uskedalen. I alt vil nesten 30 namn bli nytta, og tiltaket vil knytte skolen og dei som held til der enda sterkare til natur og miljø i deira eiga bygd.

Av Ola Matti Mathisen



Rektor Vidar Haugland, som her tek i mot nye førsteklasingar, har hatt ei von om opprusting neste år. Truleg blir han skuffa. (Foto: Ola Matti Mathisen).